

VARMEHANDEL AS
Dyrskuvegen 4
3840 SELJORD
Att.Simon Jändel

Dato:05.11.2025
Vår referanse: 2025/8144-2
Sakshandsamar:Kjell Negarden

153/80 - Løyve til tiltak - reparasjon pipe - Rukkemo

Tiltak: Byggtekniske installasjoner - reparasjon
Tiltakets adresse: Rjukanvegen 497, 3864 RAULAND
Eigedom: 153/80
Tiltakshavar: Andreas Holte
Ansvarleg søkjar: VARMEHANDEL AS
Bruksareal:
Bebygd areal:
Bruttoareal:

Delegert vedtak: 207/25

Vedtak

Det vert gjev løyve til reparasjon av pipe som omsøkt.
Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår gjeve i PBL og byggteknisk forskrift TEK-17.
Det er tidlegare gjeve løyve til tilbygg, saks nr 1998/826.

Saksutgreiing

Bakgrunn og beskriving

Referanse:

Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20200009 Hovdeli 4.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 23.10.2025. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 23.10.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) 2025/8144.
Tiltaket gjeld reparasjon av pipe. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Nabovarsling

Naboar er ikkje varsla, tiltaket har ikkje innverknad for naboar.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

Vilkår

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).

Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).

Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-4 og § 23-5

Ansvarsbelagde område innafor prosjektering og ansvarleg søkar	Tilt.kl.	Føretak m/organisasjonsnummer	
SØK Ansvarleg søkar	1	Varmehandel AS	Orgnr: 991 617 744
PRO Reparasjon av pipe	1	Varmehandel AS	Orgnr: 991 617 744

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-6

Ansvarsbelagde område innafor utføring av tiltaket	Tilt.kl.	Føretak m/organisasjonsnummer	
UTF Reparasjon av pipe	1	Ikkje oppgjeve	Orgnr: xxx xxx xxx

Gebyr

Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ av 01.07.2010 – sist oppdatert 01.01.2025:

Løyve til tiltak – Type tiltak : Rehabilitering av pipe kr. 490,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = m² / m²

Faktura for gebyr vert ettersendt. Faktura må betalast til forfall.

Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeve løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden

rådgjevar byggesak

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarakar:
VARMEHANDEL AS

Kopi til:
Andreas Holte